

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Brekkans Basthaugen gard
Øvre Mjøs 11
5939 Sletta

11. desember 2018

UTBETALING AV TILDELT TILSKOT TIL RESTAURERING AV GRINDVERKSLØA PÅ MJØS

Me viser til tidlegare søknader om tilskot til restaurering av grindverksløa vår på Mjøs der me har fått tildelt totalt kr 135000 gjennom eitt tilskot på kr 50000 frå 2011 med endring 2016 og eitt på kr 85000 frå Hordaland fylkeskommune frå 2018.

Me starta dette prosjektet i 2011 og har halde på med restaureringa (som også inneber søknadsskriving, møte med fagfolk, undersøkingar etc) fram til no der løa framstår som nyrestaurert. Det har vore ein lang veg å gå og me har investert mykje tid og pengar i dette prosjektet. Fleire gongar har vi vurdert å gje opp, men draumen om å få løa restaurert for komande generasjonar både på og utanfor garden, har halde oss i gang. Likevel ville me ikkje ha kome i mål utan dei tilskota me har fått frå Radøy kommune, Norsk kulturminnefond og Hordaland fylkeskommune.

Planane for løa har endra seg undervegs. Som ein del av eigeninnsatsen nytta me ein arkitekt som har laga teikningar til ei ferdig innreia løe som kan nyttast til kursverksemd. Me hadde planar om å innreie ho (det har me enno ikkje heilt slått frå oss), men kostnadane ved td. framføring av vatn, sikring av skikkeleg kloakksystem, løysing av tilkjørsleutfordringar, innlegging av elektrisitet og isolering med dei krav som vert stilt i dag, er for høge. Med dei inntektene som me såg for oss at me ville kunne få ved diverse kursverksemd i løa, ville me ikkje kunne forsvara ei slik investering.

Me ønskjer at løa skal vera tilgjengeleg for folk som ønskjer å se henne og som vil sjå korleis ein kan restaurera gamle løer. Det vil nok vera interessant for besøkjande til Utvandringssenteret å få eit lite innblikk i korleis løer såg ut på dei gardane forfedrane deira reise frå. Løa er jo også spesiell reint historisk sidan dette var den opprinnelege løa på det gamle klyngetunet på Mjøs.

Me ser også for oss at me kan nytta delar av det gamle fjøset som foringsplass for våre utegangar sauer (svatfjes). I tillegg vil løa verta nytta som løe til lagring av høyt til sauene om vinteren.

Det er mange utfordringar ein møter når ein bestemmer seg for å restaurera eit slikt gammalt bygg. Utfordringane har vore ekstra store for oss som manglar kompetanse innan dei fleste fagfelta som har vore involverte i restaureringa. Vårt bidrag har primært vore knytta til å skyta inn eigne midlar og til å rydda løa og rundt løa, noko som ikkje har vore eit reint lite arbeid. Me er stolte over at me i samband med at det vart felt ein del furu i skogen vår, kunne få dette tømmeret transportert til garden for deretter å bli sagd opp til ulike bord og bjelkar som vart nytta under restaureringa.

Fagfolka som har vore involvert og bidratt i prosessen med restaureringa, har vore følgjande:

-Roald Landøy (fylkesarkitekt) og Jarle Floen gjennomførte den første vurderinga av tilstanden og gjorde dei første utrekningane både av material og tidsbruk. Landøy har vore ein viktig dialogpartnar i alle år.

-Arild Sætre, Museumssenteret i Hordaland Fylkeskommune, som har kome med verdfulle råd om restaurering av gamle hus

-Arne Høyland som har gitt viktige bidrag til historie og spesielt bygningshistorie

-Norsk kulturminnefond v/Einar Engen og Siv Amundsen som også har vore på vitjing på Mjøs og har gitt gode innspel

-Håkon Aase, tørrmurar som har kartlagt løa, bidratt til innspel til ulike søknader og som har hatt hovudansvaret for restaureringa av gråsteinsmurane

-Henry Fanebust, tømrrar som me har hatt dialog med over fleire år og som har kome med verdfulle innspel og som me til slutt var så heldige å få som ansvarleg for restaureringa av grindverket

-Marius Helland, Hordaland fylkeskommune, som har gitt mange råd i samband med restaureringa

-Asbjørn Nagel Toft, tidlegare tilsett i Radøy kommune og ein viktig fødselshjelpar for prosjektet

-Bente Hervik, Radøy kommune, som har oppdatert oss med informasjon om søknadsmogelegheiter, fristar etc

I tillegg har me møtt mange interessante fagfolk og andre folk med røynsle frå restaureringsarbeid i samaband med ulike møter og seminar som me har deltatt på.

Me takkar dei alle!

Me ber med dette om å få utbetalt dei tilskota me har fått på til saman kr 135000.

Mona Steiner Brekkan

Bjørn Brekkan

Me viser til vedlagte komprimerte mappe som inneld rekneskap, kopi av kvitteringar, bilete mm